

Hasjavvenningsprogram (HAP)

Dagens ordning:

Ungdomar som i dag vert melde for bruk av hasj og anna narkotika for første gong, vert gjeve ein påtaleunntatelse eller eit bot for forholdet, samt ein bekymringssamtale med ungdomen og verjene. Ungdomane vert ikkje følgt opp med andre førebyggjande tiltak, verken frå politiet eller kommune. Kommunane ved barnevernet vert informert om det straffbare forholdet når ungdomen er under 18 år, men det er heilt unntaksvis at barnevernet gjer noko med ei slik enkeltstående hending.

Politiet ønskjer:

Politiet ønskjer å bruke deltaking i hasjavvenningsprogram som ein del av vilkåra i ei vilkårsbunden straffereaksjon med prøvetid. Hasjavvenningsprogram er i korte trekk eit tilbod som ved hjelp av samtalar, har som mål å motivere ungdom til å slutte med hasj. Dette ved å auke kunnskapen rund rusmidlet og gjere ein meir medviten på eigne val.

Politiet ønskjer soleis å utferda ein påtaleunntatelse med vilkår i saker der ein ungdom i aldersgruppa 15 – 20 år vært meldt for bruk av narkotika for første gong.. Vilkåret er at ungdomen saman med verjer skal møte til samtalar i kommunal regi, som eit førebyggjande tiltak for ungdomen, som nemnt over.

Politiet ønskjer primært at disse samtalanane vært samordna "interkommunalt", slik at ein med trygging veit at alle ungdomane får ei eins handsaming, og ikkje minst at det er god kvalitet på samtalanane. Politiet meiner at kompetanse på fagområdet er ein føresetnad for å kunne foreta slike samtalar med ungdomane. Politiet veit at tilsette ved "Salto" har kompetanse gjennom kurs på HAP.

Politiet kan ikkje utferda påtaleunntatelse med vilkår, dersom ein ikkje er 100 % sikker på at kvar kommune har eit apparat som kan foreta slike førebyggjande samtalar på ein tilfredstillande måte.

Ein vil gjera merksam på at kommunane ved barnevernet vil verta gjort kjend med det straffbare forholdet. Vert det utferda påtaleunntatelse med vilkår, vil barnevernet få beskjed om at vilkåra er følgt opp eller ikkje. Der barnevernet allereie har ein eller anna kontakt med denne ungdomen / heimen, må sjølvstakt andre tiltak vurderast.

Politiet si bestilling til kommunane i Nordhordland:

1. **Politiet ber om at den einkilde kommune handsamar dette, og kjem med tilbakemelding om kommunen ønskjer å vera med på eit slikt førebyggjande tiltak.**
2. **Dersom den einkilde kommune ønskjer å vera med på eit slikt førebyggjande tiltak, ønskjer politiet at kommunen kjem med tilbakemelding om korleis dei vil foreta slike førebyggjande samtalar og kven som skal ta disse samtalanane med ungdomane.**